




ASKVOLL
kommune



FJALER
kommune



HYLLESTAD
kommune

Landbruksforvaltninga

Mottakarar:

Askvoll Sau Og Geit	c/o Henrik Arthur Veiesund Stavestranda 31	6983	Kvammen
Fjaler og Hyllestad Bondelag	v/Camilla Avedal Ulvik		
Flekkje Sau Og Geit	v/Peter Kåre Igelkjøn	6968	Flekkje
Holmedal og Askvoll Bondelag	v/Kristina Johansen Ådlandsvik		
Holmedal Sau Og Geit	v/Marina Gjølringbø	6982	Holmedal
Hyllestad og Fjaler BS	v/Hanne Bjerkvik		
Hyllestad Sau Og Geit	v/ Oddvin Kverhellen	6953	Leirvik I Sogn
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Stongfjorden Bondelag	v/Henrik Arthur Veiesund		
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen

Vår ref.

7276 24/147 - 1

Dykkar ref.

Dato:

15.02.2024

Høyring - Forslag til endring i forskrift om frist for spreieing av husdyrgjødsel

Landbruksforvaltninga i Askvoll Fjaler og Hyllestad legg fram forslag til ny lokalforskrift om spreieing av gjødselvarer med organisk opphav i alle tre kommunane. Forskrifta blir sendt på høyring til aktuelle høyringspartar jf. Adresseliste.

Det blir lagt opp til å få til likelydande forskrift i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommune sidan landbruksforvaltninga dekkjer desse områda og dei geografiske forholda er ganske like med omsyn til klima og landbruk. Sjølv om intensjonen er å få til lik ordlyd for alle dei tre kommunane, må ny forskrift handsamast politisk av kommunestyra i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommune.

Oppsummert så kjem Landbruksforvaltning med framlegg til desse endringane:

- Siste spreiedato er 1. september på landbruksareal som grensar til vassdrag med dårleg eller har risiko for redusert vasskvalitet. Dette gjelder alle spreiemetodar.
- I andre område skal det i perioden 1. september til 1. oktober ved all spreieing av gjødselvarer av organisk opphav på jordbruksareal maksimalt spreieast 2 m³ pr. dekar, og at ein mot vassførekomstar, kanalar og opne kummar set att ei gjødselfrist på minst 6 meter.

Bakgrunn for endring i lokalforskrifta

Endring av den lokale forskrifta i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommune har utgangspunkt i arbeidet med vassforeskrifta og vassdirektivet. Etter vassforskrifta (§ 4) er det mål om at overflatevatn skal bli forbetra slik at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vatnet skal òg bli beskytta mot å få dårlegare kvalitet enn i dag. Der tilstanden er «god» men trua i dag, kan førebyggjande og beskyttjande tiltak vere aktuelle. Kommunen skal stille strengare krav dersom ein ikkje når miljømåla etter vassforskrifta.

Den lokale forskrifta i Askvoll og Hyllestad gjev i dag løyve til spreieing av husdyrgjødsel på alt areal fram til 30 september. I Fjaler er spreiefristen 15 september, med moglegheit til å søke om utsett spreiefrist til 30. september. I følgje den sentrale forskrifta så har kommunane ikkje høve til å gje utsett spreiefrist etter 1 september i områder med dårleg vasskvalitet eller i risiko for dårleg vasskvalitet.

I forskrift om organisk gjødsel §23 står det følgjande:

Andre ledd; Spredning uten nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvekst som høstes eller beites, og skal gjøres senest innen 1. september, dersom ikke noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd.

Tredje ledd; Kommunen kan på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikke senere enn 1. oktober.

Den sentrale forskrifta opnar for at kommunen kan gi utsett spreiefrist fram til 1. oktober gjennom enkeltvedtak eller ved forskrift. Utan ei lokal forskrift med frist etter 1. september, vil kommunen få mange enkeltsøknader om utsett frist, særleg i åra med dårlege spreieforhald etter andre slåttene. Dette vil vere tilfelle fram til lagerkapasiteten, hjå alle bøndene i HAF eventuelt blir auka for å tilpassa seg ein kortare spreiesesong. Stramme fristar kan også føre til at ein del av husdyrgjødsel blir spreidd under dårlege forhold eller i store mengder per dekar, for å rekke fristen. Dette kan i verste fall gå ut over sårbare vassmiljø. Det vil òg vere utfordrande for enkelte bønder å handtere silopressafta etter andre og tredje slått, dersom det ikkje er høve til å spreie i september.

Vasskvalitet i vassdrag og sjø er registrert i Vann-nett.no og ført opp med påverkningsgrad frå ulike kjelder inklusiv jordbruk. Statsforvaltaren har anbefalt kommunane å nytte Vann-nett for å vurdere om diffus avrenning frå jordbruk kan vera årsak til at vasskvaliteten ikkje oppnår status som god og endre eventuell lokal forskrift om utsett frist for gjødselspreieing langs desse vassdraga. Det ligger vedlagt faktaark frå Statsforvaltaren som omtalar regelverket og tiltak innan gjødsel og vassforvaltning.

Vassførekomstar i risiko for å ikkje nå miljømåla

Under er ein liste over vassførekomstar i kommunane med dårleg eller moderat økologisk tilstand og i risiko for å ikkje nå miljømåla som er satt av EUs rammedirektiv for vann (Vanndirektivet). Diffus avrenning frå jordbruk er ikkje den einaste årsaka til dårleg økologisk tilstand i desse vassførekomstane, men tilstanden som den er krevjer strengare tiltak på alle områder inkludert landbruk. Landbruksforvaltninga i HAF kommunane vil dermed vurdere behovet for siste spreiefrist 1. september på jordbruksareal ved vassførekomstane som er nemnd i tabellen under. Datagrunnlaget på tilstanden i alle vassdrag, innsjø og sjø i Norge er tilgjengeleg på vann-nett.no.

Hyllestad

VassførekomstID	Namn	Påvirkingsgrad av Diffus avrenning frå jordbruk	Økologisk tilstand
080-1625-L	Espelandsvatn	Middels grad	Moderat
080-187-R	Lona bekkefelt	Middels grad	Moderat

Fjaler

VassførekomstID	Namn	Påvirkingsgrad av Diffus avrenning frå jordbruk	Økologisk tilstand
082-198-R *	Storelva nedløp Hålandsfoss kraftverk	Middels grad	Moderat
082-206-R	Skaddselva	Stor grad	Dårleg
082-208-R	Elv ved Haugen	Stor grad	Moderat
082-70-R	Åsnes	Middels grad	Moderat

**Moderat økologisk tilstand i Storelva er forårsaka av lakselus, å kommunen vil foreløpig ikkje vurdere kortare spreiefirst i dette vassdraget.*

Askvoll

VassførekomstID	Namn	Påvirkingsgrad frå Diffus avrenning frå jordbruk	Økologisk tilstand
0280031300-2-C	Askvika*	Ukjent grad	Moderat
084-63-R	Sidebekker Askvika	Middels grad	Dårleg
0280031300-3-C	Kylleren*	Stor grad	Dårleg
084-67-R	Kylleren Vest	Ukjent grad	Dårleg
083-223-R	Rivedalselva	Middels grad	Dårleg
084-284-R	Gjeldsvikelva	Middels grad	Moderat
084-48-R	Storeelva	Ukjent Grad	Dårleg

**Kunnskapsgrunnlaget i Askvika og Kylleren er for lågt og kommunen vil vil foreløpig ikkje vurdere kortare spreiefirst i desse vassførekomstane.*

Vedlagt ligg forslag til forskrift som det er ønska høyringsinnspel på. Høyringsfristen er satt til 01.04.2024. Ber om innspel før fristen er omme.

Høyringssvar kan sendast til: postlaf@askvoll.kommune.no

Med helsing
Lina Andrea Haugen Herstad
Rådgjevar
Direkte tlf: 57730736

Brevet er elektronisk godkjent om det ikke er signert.

Kopi til:

Askvoll JFL
Fjaler JSPFL
Hyllestad JFL
Nibio Fureneset

v/Torbjørn Leknes
v/John Kåre Myklebust
v/Anny Dale Fureli
v/Sunniva Rivedal

6967 HELLEVIK I FJALER